



Tore Gjerstad
Maråsvegen 267
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1699 - 19/24707

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
21.08.2019

Landbrukssak Gbnr 88/1 Risøy - Landbruksveg - Vedtak

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Vedtak:

Tore Gjerstad får løyve til å byggje landbruksveg og ta ut stein på gnr/bnr 88/1 i Lindås kommune.

Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Vegen skal byggast etter vedlagte vegnormalar.
- Stein frå massetaket skal ikkje køyrast vekk frå eigedomen.
- Vegen skal byggast slik kartet i dette vedtaksbrevet viser.
- 380 meter ny veg skal byggast i vegklasse 7
- Når vegen er ferdig skal den meldast inn til ferdiggodkjenning hjå landbrukskontoret, frist for ferdigstilling er 22.08.2023.

Vedtaket er gyldig til 22.08.2022.

Saksutgreiing


Tore Gjerstad er heimelshavar til Gbnr 88/1 i Lindås kommune. Han søker om å få byggja 380 meter ny landbruksveg i vegklasse 7. Vegen skal gje tilgang til 10 daa jordbruksareal og 100 daa skog.

Sakshandsaming:



Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 2015-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur- eller miljøverdiar i området.

Vegen skal byggjast mellom dyrkamarka og skog på eigedomen. Vegen har verdi for skogbruk og jordbruk. Landbrukskontoret har vurdert søknaden og finn at vegen har nytte for jordbruket og skogbruket på eigedomen.



Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektleggde berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringar lokalt av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde. Det er registret ein lokalitet med beiteskog, Id. BN00014965, på eigedomen. Vegen skal gå inntil lokaliteta, men det vil ikkje bli bygd veg inn i lokaliteta.

Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner, følgjande svar er mottteke:

Viser til brev datert 19.06.2019 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på gnr. 88, bnr. 1 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte vegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av tiltaket søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve eller vilkår i løyvet ikkje vert oppfylt, fell løyvet bort, jf. FOR 2015-05-28-550, §3-2.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Andreas Granli.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Andreas Granli

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Tore Gjerstad

Maråsvegen 267 5955

LINDÅS